



Akasia Kirke og Gravplass AS  
Postboks 4 Ytre Laksevåg  
5848 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13390 - 20/70531

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:  
06.11.2020

## Avslag på søknad om dispensasjon og rammeløyve for utviding av gravplass - gbnr 108/627

**Administrativt vedtak.**      **Saknr:** 1187/20  
**Tiltakshavar:**              Alver Kyrkjelege Fellestråd  
**Ansvarleg søkjar:**         Akasia Kirke og Gravplass AS  
**Søknadstype:**                Søknad om dispensasjon  
                                      Søknad om rammeløyve

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for utviding av gravplass med tilhøyrande anlegg avslått.**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 11-6 og 12-4 vert søknad om rammeløyve for utviding av gravplass med tilhøyrande anlegg avslått.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

**Kopi av vedtaket vert sendt til Vestland fylkeskommune**

### Tiltak

Søknad mottatt 10.07.2020 gjeld søknad om Etablering av grav- og urnelund på areal regulert til føremålet

### Planstatus

Gjeldande plan er **Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad** med planid 1263-199001 Arealføremålet er spesialområde **Grav- og urnelund**. Plankartet viser utviding av gravplass, utan anna detaljering enn parkering langs fylkesveg og gangveg fram til eksisterande gravplass.

Plankartet:


<https://www.nordhordlandskart.no/WebServices/generic/Media.aspx/Download?&uuid=7db333f3-7ed3-48eb-b9e1-4a93e676a504>

Reguleringsplanen gjeld med endringar/suppleringar i kommunedelplanen for Lindås sine føresegner der reguleringsplanen ikkje har egne føresegner om temaet, jf. føresegn 4.5 til kommunedelplanen.

Omsynssone H570 i kommunedelplanen gjeld for området, der føresegn 4.2.4 a) legg til grunn følgjande

Heile det historiske veganlegget Den Trondhjemske postvei innanfor område H570 skal bevarast, dvs. vegbane og vegbreidde. Tiltak som kan gjere skade på postvegen, endra vegen sin karakter eller som utilbørleg skjemmer kulturminnet er ikkje tillat med mindre det ligg føre løyve frå Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.

Utsnitt av kommunedelplanen med omsynssone kulturminne: Den Trondhjemske postvei



#### Plan under arbeid

**Detaljregulering PlanID 1263-201407 - Fv 57 - gang-/sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad** ser ikkje ut til å bli berørt av omsøkte anlegg, anna enn ved tilknytning til gang- og sykkelvegen ved undergangen

#### Konklusjon

Tiltaket treng dispensasjon frå reguleringsplanen for flytting av avkøyrslø, av parkeringsplass og av gangveg fram til eksisterande gravplass. Vidare krev det løyve frå Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen med tanke på Den Trondhjemske postveg. Slik vedtak ligg ikkje føre. Grunna uttale frå Vestland fylkeskommune finn kommunen likevel grunnlag for å gjere vedtak i saka.

## Høyring

Søknaden vart sendt på høyring til Vestland fylkeskommune den 17.09.2020, med 4 veker svarfrist. Det kom 2 uttalar frå fylkeskommunen (vedlagt).

## Kulturarv – kulturminnefagleg fråsegn

### Konklusjon

Vestland fylkeskommune rår ifrå at det vert gjeve dispensasjon til utviding av gravplass og omlegging av tilkomst på gbnr. 108/627 m.fl. i Alver kommune slik planen for tiltaket ligg føre, og ber om at det i tiltaket vert teken særskilt omsyn til Den Trondhjemske Postvei. Vi ber om å få sendt over vedtaket i saka for eventuell vurdering av klage, jf. Miljøverndepartementets rettleiar Kommuneplanens arealdel, T 1382.

## Forvaltning og utgreiing - Vestland fylkeskommune som samferdslemynde

har gitt uttale og konkluderer slik:

### Sluttord:

Vestland fylkeskommune som samferdslemynde er kritisk til avkøyrsløse som er søkt om frå fylkesveg 5470 til Lindås gravplass. Vi meiner at plasseringa er trafikkfarleg og at siktforholda ikkje er tilfredsstillande. Vi meiner det vil vere viktig å finne ei framtidsretta og trafikktrygg tilkomst til området, og sjå området i heilskap. Vi ber om at kommunen legg til rette for dette.

Vi ber om å få kommunen sitt vedtak tilsendt for eventuell klagevurdering.

## VURDERING:

### Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre.

Administrasjonen si vurdering er at fordelane ved å gje dispensasjon frå reguleringsplanen ikkje er klart større enn ulempene. Når fordelane ved omsøkte tiltak ikkje vert vurdert klart større enn ulempene, er ikkje vilkåra for å gi dispensasjon oppfylt. Søknad om dispensasjon vert avslått.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at den omsøkte avkøyrsla vert vurdert som trafikkfarleg frå vegstyresmakta og kjem i konflikt med kulturminne (Den Trondhjemske postvei).

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå reguleringsplanen ikkje er oppfylt.

Når tiltaket er i strid med plan og dispensasjon ikkje vert gitt, er det ikkje grunnlag for godkjenning av søknad om løyve til tiltak.

### **Konklusjon**

Med negativ uttale frå to faginstansar, kan ikkje kommunen godkjenne søknaden. Dei endringane som må gjerast, er meir enn ei justering av innsendt søknad. Det må sendast inn ny søknad med vedtak frå Vestland fylkeskommune/Statens vegvesen knytt til Den Trondhjemske postvei. Anlegget og tilkomsten må plasserast slik at det ikkje vert konflikt med kulturminnet, og avkøyrsla må få ei utforming og plassering som vegstyresmakta kan godta.

### **Regelverk**

- Tiltak etter pbl § 20-1 er søknadspliktig etter pbl § 20-2.
- Søknad om tiltak skal nabovarlast etter pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg, jf. pbl § 27-4.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf 29-1.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

### **Mynde**

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/13390

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Den Trondhjemske Postveg - utviding av gravplass og omlegging av tilkomst - gbnr 108/627  
Lindås

Uttale - Dispensasjonssøknad - Avkøyrslø - Gravplass - Fv. 5470 Fonnebustvegen - gbnr  
108/627 Lindås

Kulturminnefagleg fråsegn - Dispensasjon til utviding av gravplass og omlegging av tilkomst -  
gbnr 108/627 Lindås

**Kopi til:**

Akasia Kirke og Gravplass AS	Postboks 4 Ytre Laksevåg	5848	BERGEN
Alver Kyrkjelege Fellesråd Vestland fylkeskommune	Lonsvegen 1 Agnes Mowinckels gate 5	5914 5008	ISDALSTØ BERGEN

**Mottakarar:**

Akasia Kirke og Gravplass AS	Postboks 4 Ytre Laksevåg	5848	BERGEN
Alver Kyrkjelege Fellesråd	Lonsvegen 1	5914	ISDALSTØ